



Spørsmål til fagteksten

Observasjon og kartlegging av barns språk i overgangen frå barnehage til skole

Artikkelen av Cecilie Fodstad gir eit perspektiv på observasjon og kartlegging i barnehagen. I overgangen mellom barnehagen og skolen får kartlegging og informasjon om barnet ei ny rolle. Barnehagen treng informasjon om barnet for å førebu barnet så godt råd er, og skolen treng informasjon for å tilrettelegge for barnet så godt råd er.

I denne overleveringa av informasjon frå barnehagen til skolen meiner Fodstad at det ligg nokre utfordringar som vi må ha eit bevisst og reflektert forhold til.

Sit i grupper på 3 – 5 og diskuter desse 8 spørsmåla for og mot kartlegging. Skriv ned tre punkt frå barnehage og skole på kvart spørsmål:

1. Kva for informasjon om barnets språklege utvikling i overgangen er det relevant å overføre frå barnehage og skole?

2. Korleis kan skolen dra nytte av informasjonen frå barnehagen?

Les sitatet frå teksten først:

«For å kunne legge til rette for god språkstimulering, må en bygge vidare på det som barna mestrer.»

3. Korleis kan observasjon og kartlegging av enkeltbarn identifisere både styrkar og utfordringar?

4. Korleis kan observasjon og kartleggingsverktøy brukast til planlegging og tilrettelegging for eit godt språkarbeid?

Les sitatet frå teksten først:

«For å hjelpe barn som strever i språkutviklingen er det viktig at dette oppdages på eit så tidlig tidspunkt som mulig, før vanskene får satt seg, og språkutviklingen stagnerer.»

5. Korleis kan kartlegging vere til hjelp i dette arbeidet?

6. Korleis kan observasjon og kartlegging fungere som eit viktig grunnlag for å iverksette tidleg innsats?

Les sitatet frå teksten først:

«Det kan ligge spesielle utfordringer knyttet til å kartlegge barns språk når barnet har et annet morsmål enn norsk. Det er derfor viktig at de som skal kartlegge minoritetsspråklige barn har kunnskap om og innsikt i flerspråklige barns språkutvikling og morsmålets betydning.»

7. Kva for rutinar for observasjon og kartlegging er eigna for å skape ein god overgang frå barnehage til skole for minoritetsspråklege barn?



8. Bør det ligge nokon føringar for korleis dette arbeidet skal gjerast, og i tilfelle kva for føringar?

